



MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 09.01.2018
Vår ref.: 2017/17974-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref. 17/3033 – 17/24846:

Kulturminnegfagleg fråsegn i samband med grøftesøknad på gnr 18 bnr 1 m fl- Meland kommune

Vi visar til brev datert 15.12.2017 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Store delar av området ein ønsker å grøfte på er allereie del av ein pågåande reguleringsplan (Frekhaugkrysset – Fv 564 og 244), der Statens vegvesen er tiltakshavar. I samband med dette vart det den 09.10.2017 gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i planområdet. Denne konkluderer med at store delar av det aktuelle arealet har potensial for funn av nye automatisk freda kulturminne (arkeologiske funn).

Det er planlagt arkeologiske registreringar i området og desse skal utførast våren 2018. Vi ber om at tiltakshavar ikkje startar grøftinga i området før tilhøvet til dei automatisk freda kulturminna er avklara, jf. kulturminnelovas § 9.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
HELGE HENANGER